



Austrheim kommune

► Kommunedelplan for Trafikksikring 2022-2030

Oppdragsnr.: 52103366 Dokumentnr.: 01 Versjon: D02 Dato: 2022-24.03



Oppdragsgjevar:	Austrheim kommune
Oppdragsgjevares kontaktperson:	Asbjørn Nagell Toft, avdelingsleiar plan, bygg, oppmåling og miljø
Rådsgjevar	Norconsult AS, Bergen
Oppdragsleiar:	Daria Romanowska Løseth (Norconsult)
Fagansvarleg:	Daria Romanowska Løseth
Andre nøkkelpersonar:	Mats Korneliussen (Norconsult) Per Lerøy, ordfører i Austrheim kommune Rolf Henning Myrmel, avdelingsleiar teknisk drift Anita Soltveit, ungdomskoordinator Bjørnar Fjellhaug, kommunedirektør

Planprosess:

Formannskapet vedtok den 28.01.2021 oppstart av arbeid med **Kommunedelplan for trafikksikring for Austrheim kommune 2022 - 2030**. Totalt kom det 21 innspel til planen frå offentlege, innbyggjarar og lag/organisasjonar i samband med planoppstarten.

Arbeidsgruppa har fått god hjelp av tilsette i Statens vegvesen og Vestland fylkeskommune i dette planarbeidet, både skriftleg og muntleg. Statens vegvesen v/ Svein Dortin Viken har sendt utskrift frå Straksregisteret med politiregistrerte ulukker.

Organisasjonen Trygg Trafikk har og bidrege aktivt på ulikt vis i arbeidet med denne kommunedelplanen.

Kommunedelplan for trafikksikring for Austrheim kommune 2022-2030 var i perioden 21.10-31.12. 2021 på offentlig ettersyn. Det var formannskapet som den 21.10.2021 i sak 101/21 vedtok det. Planframlegget vart annonsert i lokalavis/heimeside/Facebook, offentlege instansar og lag vart tilskrivne. Frist for merknadar til planforslaget vart sett til 31.12.2021. Det kom inn 5 merknadar. Alle innspel er drøfta i arbeidsgruppa og konklusjonar teke saman med verksemda Norconsult. Etter planforslaget var på offentlig ettersyn og merknadar har kome inn så har Austrheim kommune teke den endelege oppgraderinga.

D02	2021-09-29	Endeleg rapport	DaRom	MatKor	DaRom
D01	2021-09-20	For gjennomlesing hos oppdragsgjevar	DaRom	MatKor	DaRom
Versjon	Dato	Omtale	Utarbeidd	Fagkontrollert	Godkjent

Dette dokumentet er utarbeidd av Norconsult AS som del av det oppdraget som dokumentet omhandlar. Opphavsretten tilhøyrar Norconsult AS. Dokumentet må berre nyttast til det formål som går fram i oppdragsavtalen, og må ikkje kopierast eller gjerast tilgjengeleg på annan måte eller i større utstrekning enn formålet tilseier.

► Føreord

Trafikktryggleiksplanen har fokus på både fysiske tiltak og haldning/åtfærdstiltak. Kommunen skal arbeide systematisk med dette, samt utføra dei fysiske tiltaka som er forankra og prioritert i gjeldande plan.

Austrheim kommune har i 2021 og våren 2022 arbeida aktiv med kommunedelplanen for trafikksikring, det har kome mange innspel og merknadar i planprosessen. Trafikktryggleik handlar om å kunne røra seg trygt i sitt eige lokalmiljø, både som fotgjengar, syklist og bilist uavhengig om ein er born, ungdom eller vaksen.

Kommunedelplanen for 2022-2030 vil danna grunnlaget for vidareføring av trafikktryggleiksarbeidet i Austrheim kommune. Trafikktryggleiksarbeid for alle trafikantgrupper er viktige folkehelseiltak og planen har fokus på helseperspektivet som er eit satsingsområde for kommunen.

Utfordringa for det kommunale trafikktryggleiksarbeidet er å få satt temaet på den politiske dagsorden. Det er difor viktig å sikre at planen blir følgt opp og at tiltaka vert gjennomført. Trong økonomi kan vera utfordande. Det har sidan 2001 vore ein føresetnad for å kunne få statleg støtte til planlegging og gjennomføring av trafikktryggleikstiltak på fylkes- og kommunalveg at kommunen har ein vedteken trafikktryggleiksplan.

Austrheim er pilotkommune som trafikksikker kommune, resertifisert i 2021, det forpliktar oss framover. Målet vårt er 0-visjonen. Dette betyr at alle delar av organisasjonen skal arbeide med trafikksikringsarbeidet og ha gode rutinar og system som varetek trafikktryggleiken i organisasjonen, det er no på plass.

Lag, organisasjonar, barnehagane, skulane, tilsette i kommunen, eldreråd, rådet for menneske med nedsett funksjonsevne, bussjåførar og mange private har engasjerte seg i planarbeidet, noko som har gjeve god innsikt i kvar problema er størst. Mange av innspela/merknadar har ført til justeringar og endringar i den endelege planen. Arbeidsgruppa har vore på synfaringar og møtt folk både på arbeid, heime, langs vegar og på skular/barnehagar i samband med dette planarbeidet.

Kommunedelplanen for trafikksikring 2022 - 2030 vil erstatta gjeldande trafikksikringsplan som gjaldt for perioden 2016 - 2023.

Austrheim kommune vil takka for gode faglege bidrag frå dei regionale etatane, både Vestland fylkeskommune (som og har gjeve tilskot til planarbeidet), Statens Vegvesen, Statsforvaltaren i Vestland og Trygg Trafikk, som alle har kome med både nyttig kunnskap og gode vurderingar til planarbeidet. Austrheim kommune vil og takka konsulenten Daria Romanowska Løseth frå Norconsult AS. Ho har samarbeida godt med kommunen, og sikra både framdrift og den faglege kvaliteten i sjølve plandokumentet.

Trafikksikringsarbeidet er godt forankra i kommuneleiinga og i den politiske leiinga i kommunen. Austrheim kommune håper at me med denne kommunedelplanen, og i samarbeid med lokale krefter og regionale etatar kan få gjort mykje godt trafikksikringsarbeid framover. Vedteken plan skal leggjast til grunn for det vidare arbeidet med trafikktryggleik i kommunen.

Samandrag

Austrheim har om lag 2900 innbyggjarar og er ein kystkommune med mykje gjennomgangstrafikk. Kommunen har spreidd busetnad og noko spreidde sørvisfunksjonar. Det kan vere ei stor utfordring, ikkje minst økonomisk, å lage gode trafikkløysningar. Særleg gjeld dette mjuke trafikantar i dei sentrale delane av kommunen. I perioden 2014-2020 har det skjedd 24 ulukker med personskade. I ulukkene vart totalt 31 personar skadd, 4 av desse hardt. Ingen vart drepne. Det er ingen tydeleg trend i ulukkesbildet, noko som kan vera på grunn av avgrensa tal på ulukker.

Det er ingen stader med opphopping av ulykker i kommunen, men majoriteten har skjedd langs fylkesvegane. I tillegg er det mange stader folk kjenner seg utrygge i trafikken. Det kom 59 innspel til planen frå offentlege og innbyggjarane i kommunen. Formannskapet vedtok den 21.oktober 2021 (sak 101/21) å leggja planforslaget ut på offentleg ettersyn. Det kom 5 merknadar til planforslaget. Alle merknadane er grundig handsama og kommentert i saksutgreiinga, dei som er teke til følgje er teke inn i kommunedelplanen. Ein kan difor trygt understreka at planarbeidet har fungert godt med omsyn på brei deltaking og involvering frå både kommunale einingar, frå lokale personar og organisasjonar med fleire. Alle som ville kunne ha delteke aktivt i planarbeidet.

Medlemmer i arbeidsgruppa har i planprosessen søkt og fått midlar til både fysiske ts-tiltak og til haldningsskapande arbeid i Austrheim kommune. Trafikktryggingsutvalet på fylket løyvde den 10.01.2022 95.000 kroner til arrangementet **Trafikksikring i Austrheim – frå barnehage til vaksen**. Det haldningsskapande arbeidet har såleis starta godt i 2022 og viktige haldningsskapande tiltak er kome med i kommunedelplanen.

Det er stor gjennomgangstrafikk i Austrheim kommune på Fv. 57 og Fv. 565. Denne er knytt til den store næringsaktiviteten i Mongstad-området og dei to ferjesambanda som ligg i kommunen. I samband med køyring til og frå ferje vert det til tider opplevd at enkelte trafikantar held høg fart, og er til fare for andre køyrande og for mjuke trafikantar langs vegane. Tiltak for å redusera risikoen med den store gjennomgangstrafikken i kommunen må prioritertast. Det viktigaste større t/s tiltaket no er å byggja heile eller deler av den regulerte **gang-og sykkelvegen frå Mastrevik mot Kilstraumen på Fv. 565**. Det same gjeld ny **busshaldeplass ved Mastrevik vegkryss**, denne vil løysa dagens utfordrande trafikktilhøve omkring Austrheim vidaregåande skule. Også rundkøyringa med **g/s ved Leirvågkrysset** er det viktig å få på plass. Kommunen vil og gjera det attraktivt å reisa kollektivt. Trafikksikringstiltak ved ulike vegkryss og på busshaldeplassane er viktige tiltak, det same gjeld reduserte fartsgrenser.

Fokus på å gjennomføre tiltak på skulevegstrekingar som er definert som farleg skuleveg vert satsingsområde framover. Det gjeld og haldningsskapande arbeid som skal gje oss trafikantar som har tryggleik i fokus når dei ferdast på eller langs vegen. Erfaring frå forrige plan visar at det er viktig med trafikksikringsplan som gir oversikt over alle tiltak som me treng i kommunen. Det gjer at det er enklare å prioritere og enklare å halda oversikt over det som er viktig når ein arbeidar med større samferdselsplanar. Ordninga med punktutbetringar på fylkesvegane har vore ein stor suksess og må vidareførast. Også veglys på ulike strekingar må prioriterast som viktig kompenserande trafikksikringstiltak.

Austrheim kommune skal aktivt framover søkja om midlar til trafikksikringstiltak og til haldningsskapande arbeid, men og utfordra statlege og fylkeskommunale instansar til å prioritera slike tiltak både økonomisk og ressursmessig framover.

Kommunedelplanen for trafikksikring for Austrheim kommune er laga for å få på plass **handling** som bidreg til betre trafikktryggleik for alle som ferdast og oppheld seg i kommunen.

► Innhold

1	Innleiing	7
1.1	Historikk	7
1.2	Organisering av trafikktryggleiksarbeid i Austrheim kommune	7
1.3	Samarbeidspartnarar	7
2	Nasjonal og regionale føringar for trafikksikringsarbeidet	9
2.1	Nasjonale målsetjingar	9
2.2	Regionale målsetjingar	9
3	Presentasjon av kommunen	11
3.1	Generelt	11
3.2	Busetnad og folketal	11
3.3	Næringsliv	11
3.4	Vegsystem og kaiar	12
3.5	Registrerte køyretøy i kommunen	15
3.6	Skular og skuleskyss	16
4	Registreringar og problemanalyse	18
4.1	Datagrunnlag	18
4.2	Politirapporterte personskadeulukker	18
4.2.1	<i>Generelt</i>	18
4.2.2	<i>Ulykker</i>	18
4.2.3	<i>Kor ulykkene har skjedd</i>	20
4.2.4	<i>Fordeling på vegtype</i>	20
4.2.5	<i>Fordeling av type ulykker</i>	21
4.2.6	<i>Tidsfordeling av ulykkene</i>	21
4.2.7	<i>Fordeling på føretilhøve</i>	22
4.2.8	<i>Fordeling på lystilhøve</i>	23
4.3	Trafikkulukker og samfunnsøkonomiske kostnader	23
4.4	Utryggleik	24
4.4.1	<i>Innsamling av data</i>	24
4.4.2	<i>Utrygge punkt og strekningar</i>	25
4.4.3	<i>Innspel på fylkesvegar</i>	26
4.4.4	<i>Innspel på kommunale vegar</i>	27
5	Tiltak	29
5.1	Tiltak i forrige trafikksikringsplan	29
5.2	Effekt av tiltak	32
5.3	Kostnader av ulike tiltak	32
5.4	Fysiske tiltak med prioritering	33

5.4.1	<i>Forslag til prioriteringar frå førre TS-plan</i>	33
5.4.2	<i>Prioriteringar på kommunale vegar</i>	35
5.4.3	<i>Prioriteringar på fylkesvegar</i>	36
5.5	Andre tiltak	36
5.5.1	<i>Haldningsskapande arbeid</i>	37
5.5.2	<i>Trafikksikker kommune</i>	37
6	Økonomi	38
7	Vedlegg	39
7.1	Alle innkomne innspel og vurdering	39

1 Innleiing

1.1 Historikk

Denne planen er nummer fire i rekka av trafikktryggleiksplanar som er utarbeida for Austrheim kommune. Planane har heile vegen hatt som hovudfunksjon å vera eit styringsverktøy for eit målretta trafikktryggleiksarbeid i kommunen, og dette er langt på veg oppnådd. Dei største utfordringane har vore forankring i alle kommunen sine ledd, samt finansiering av ikkje-fysiske tiltak.

Under utarbeiding av Austrheim kommune sine trafikktryggleiksplanar har samordning med overordna planar vore i fokus. Regional transportplan 2022-2033 i Vestland (RTP) må vere særleg vektlagt, for å sikre ein raud tråd i arbeidet, frå regionalt til lokalt nivå. Denne strategien vil verte vidareført og forsterka, spesielt sidan dei nasjonale føringane har vorte tydelegare og meir konkrete, bl.a. gjennom «Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerheit på veg 2022-2025».

1.2 Organisering av trafikktryggleiksarbeid i Austrheim kommune

Trafikktryggleiksarbeid i Austrheim kommune er forankra hjå kommunedirektøren. Ansvaret for prosessen med å utarbeida ein ny trafikktryggleiksplan for perioden 2022-2030 er tillagt ei arbeidsgruppe oppnemnt av formannskapet.

I Austrheim kommune har kommunedirektøren overordna ansvar for trafikksikring. Kommunen ved kommunedirektøren planlegg, byggjer og held ved like kommunale vegar. Kommuneplan/ arealplanlegging, kommunedelplanar og detaljplanar (reguleringsplanar) vert utarbeida av kommunen. Kommunen har også ansvar for fysiske trafikksikringstiltak på det kommunale vegnettet.

I tillegg har også rektorane på skulane ansvar for førebyggjande trafikksikringsarbeid. Det er viktig å starte med opplæring og haldningsskapande arbeid i tidleg alder. Samarbeid mellom skule, politiet, Skyss og Trygg Trafikk er viktig i denne samanheng. Haldningsskapane trafikksikringsarbeid er eit prioritert arbeidsområde.

Formannskapet er skiltmynde i kommunen. Politiet er høringspart i desse sakene.

1.3 Samarbeidspartnarar



**Vestland
fylkeskommune**

Vestland fylkeskommune har eit breitt ansvar for trafikktryggleiken som regional myndigheit og utviklingsaktør, vegeigar og skuleigar. Frå 1. januar 2020 har fylkeskommunen også eit utvida ansvar for fylkesvegane,

då dei har overtatt oppgåvene som Statens vegvesen tidlegare har utført på fylkesveg. Døme på dette er planlegging, utbygging, drift, vedlikehald og beredskap.

Fylkeskommunen har etter § 40a i vegtrafikklova (1965) eit ansvar for å tilrå og samordna tiltak for å fremja trafikktryggleiken i fylket. Etter folkehelselova (2011) § 20 har fylkeskommunen eit ansvar for å fremma folkehelse innan dei oppgåver og med dei verkemiddel som fylkeskommunen er tillagt. Fylkeskommunen skal også understøtta folkehelsearbeidet i kommunane, og vera ein pådrivar og koordinator for folkehelsearbeidet i fylket. Fylkeskommunen er høringspart for kommunale trafikksikringsplanar.

**Statens vegvesen**

Statens vegvesen har ansvar for at ferdsla på riksveggar er så trygg som mogeleg for alle trafikantgrupper. Dei planlegg, byggjer og har ansvar for vedlikehald på desse vegane. Tilknytning av avkøyrslar til desse vegane vert også regulert av Statens vegvesen. Vegvesenet har også ansvaret for planlegging, bygging og vedlikehald av gang- og sykkelveggar langs riksvegane, samt ansvar for kontrollar av køyretøy.

**POLITIET**

Politiet har ansvar for kontrolltiltak overfor bilførarar, særleg når det gjeld fart og promille. I tillegg har politiet eit ansvar for førebyggjande tiltak overfor trafikantane, med hovudvekt på dei yngste. Slike tiltak vert utført i samarbeid med skulen.

**TRYGG TRAFIKK**

Trygg Trafikk har eit særskilt ansvar for å formidle ynskjer frå publikum, skular og frivillige organisasjonar når det gjeld gjennomføring av trafikksikringstiltak. I Vestland er det ein fylkessekretær og fleire distriktssekretærar frå politiet som tek seg av dette arbeidet. Dei driv også oppsøkjande verksemd overfor skulane med hovudvekt på haldningsskapande opplæringstiltak. Trygg Trafikk har utvikla ei mengd undervisningsmateriell berekna på skuleverket og frivillige lag og organisasjonar.

Andre

I tillegg til dei som er omtala ovanfor er det fleire andre avdelingar og organisasjonar som tek del i trafikksikringsarbeidet i kommunen, anten det er i form av trafikantopplæring, førebyggjande tiltak eller at dei på andre måtar er direkte involvert i arbeid med trafikkulukker. Me kan mellom anna nemne køyreskular, hjelpekorpsa, helsevesenet og sjølvsgt foreldre som har eit særleg ansvar for haldningsskapande arbeid. Dei har eit overordna ansvar for å oppdra borna til å oppføra seg på ein god måte i trafikkbildet, og for at dei nyttar seg av naudsynt sikringsutstyr som t.d. refleks og hjelm.

2 Nasjonal og regionale føringar for trafikksikringsarbeidet

2.1 Nasjonale målsetjingar

Trafikksikringsarbeidet i Noreg er basert på ein visjon om at det ikkje skal førekome ulykker med drepne og hardt skadde i vegtrafikken- nullvisjonen. Nasjonal transportplan 2022-2033 er ein plan for korleis ein dei neste tolv åra skal arbeide i retning av det overordna og langsiktige målet i transportpolitikken, som er:

Eit transportsystem som er sikkert, fremjer verdiskaping og bidrar til omstilling til lågutsleppssamfunnet.

Regjeringa har lagt vekt på ein balansert måloppnåing. Dette inneber å gjere prioriteringar slik at ressursbruken bidrar i retning av dei tre hovudmåla:

Figuren under illustrerer måla for transportsektoren definert i den nye NTP.



Figur 1: Måla for transportsektoren

2.2 Regionale målsetjingar

Regional transportplan Vestland 2022-2033

Arbeidet med eit strategisk styringsdokument for samferdselssektoren i Vestland fylke er i gang. Dei tidlegare fylka, Hordaland og Sogn og Fjordane, har begge Regionale transportplanar som strekk seg over tidsperioden 2018-2029. Den komande Regionale transportplan (RTP) for Vestland vil avløyse desse planane og gjelde for perioden 2022- 2033. Planen skal vere det øvste strategiske dokumentet for samferdsel i Vestland fylke. Regional transportplan skal setje retning for samferdselspolitikken i det nye storfylket, og skal bygge på Vestland fylkeskommune sine verdiar og visjon, samt Utviklingsplan for Vestland.

For Vestland er målet å koma under 44 drepne og hardt skadde i vegtrafikkulukker i året innan 2030. Det inneber om lag ei halvering av dei 87 som vart drepne og hardt skadde i dei gamle fylka i 2018. Dei dominerande ulukkestypene på fylkesvegane er utforkøyningar, møteulukker og ulukker som involverer mjuke trafikantar. Ulukkesbilete i byane og dei større tettstadane skil seg frå meir gravgrendte strøk med å ha dei ein større del ulukker med mjuke trafikantar, og mindre del utforkøyningar.

Trafikktryggingsarbeidet famnar breitt og inneber samarbeid og innsats på tvers av etatar og tenesteområde. I dette arbeidet har fylket sitt trafikktryggingsutval (FTU) ei viktig samordnande rolle. FTU har ansvar for utarbeiding av eit handlingsprogram for trafikktrygging, som vert kopla opp mot arbeidet med RTP. Vidare vil trafikantretta innsats og satsing på organisatoriske tiltak som Trafikksikker kommune vera sentralt i det førebyggjande trafikktryggingsarbeidet. Før planprogram for ny RTP er vedteken er Vestland fylkeskommune sine satsingsområde i trafikktryggingsarbeidet forankra i budsjettokumentet for 2020. Desse er:

- **Trafikksikringsarbeid i kommunane**
- **Møte- og utforkøyringsulykkar utanfor tettbebygde strøk**
- **Mjuke trafikantar i regionsenter og langs skuleveg**

Planen er lagt ut på høyring, med innspel for frist 12 september 2021. Austrheims kommune sin formannskap vedtok den 26 august 2021 ein uttale til denne planen.

3 Presentasjon av kommunen


3.1 Generelt

Austrheim er den nordlegaste kommunen i tidlegare Hordaland fylke. Kommunen omfattar 489 øyar med eit samla areal på omlag 56 km². Fastlandet utgjer 8,6 km² og øyane 47,3 km². Øyane vert knytt til fastlandet og til kvarandre av 15 bruer (offentleg veg). Landskapet er lågt og småkupert.

Litlås fjellet, som grenser mot Lindås kommune, er som det einaste punktet over 100 m.o.h i kommunen. Landskapet elles ligg stort sett lågare enn 50 m.o.h. Årås og Kaland er hovudsentra i kommunen. Årås er kommunesenteret, med dei sentrale sørvisfunksjonane i kommunen.

3.2 Busetnad og folketal

Ved byrjinga av 2022 var folketalet i kommunen om lag 2900. Det er venta ein auking i folketalet fram til 2030 og framover til 2050.




3.3 Næringsliv

Industri er den markert største næringa i kommunen. Equinor Mongstad er den største arbeidsplassen i kommunen. Kommunen har fleire små og mellomstore bedrifter som leverer tenester lokalt og i ein større marknad. Mange bedrifter er lokalisert til industriområdet ved Mongstad krysset.

Offentleg tenesteyting er den nest største arbeidsgjevaren i kommunen. I kommuneplanen er Årås og Kaland peika ut som hovudsenter. Kilstraumen er viktig for reiselivet.

Varehandelen er i hovudsak lokalisert til Mastrevik Torg og Mongstad krysset.

Næringsstrukturen i kommunen er dominert av industri og anna verksemd knytt til aktiviteten på Mongstad, og industrien er den næringssektoren som i tal har flest sysselsette i 2020. Helse- og sosialsektoren er og dominerande. Under viser fordelinga på ulike næringar i år 2020.



Figur 2: Prosentdel sysselsatte per næring, etter bustad, 2020

3.4 Vegsystem og kaiar

Det er totalt 93,1 km offentleg veg i Austrheim kommune.

Fylkesvegar utgjør 42,4 km og kommunale vegar: 50,7 km.

Det er Fv. 57 og Fv. 565 som er dei mest trafikkerte fylkesvegane i Austrheim kommune.


Det er og mange private vegar og landbruksvegane i kommunen.

Det er 13 bruar i Austrheim kommune, den lengste er Fosnstraumbua på 404 meter.

Det er ingen tunellar i Austrheim kommune.

Der er to ferjekaiar i Austrheim kommune, den eine er til og Fedje kommune og den andre er til og frå Gulen kommune.

Snøggbåten i Vestland fylke stoppar på kaien på Vardetangen. Her byrjar og tur- og gangvegen til Dagsturhytta på Vardetangen, det vestlegaste punktet på det norske fastlandet ligg her.



Figur 3: Fylkesvegar i kommunen, kjelde: vegkart.no

Av fylkesvegane er FV 57 den mest trafikkerte, med ein årsdøgntrafikk (ÅDT) på omlag 3000 bilar i 2019. Utanom gjennomgangstrafikken utgjer arbeidsreiser og anna transport til og frå Mongstad ein stor del av trafikken på denne vegen.

FV 565 har ein ÅDT på omlag 1100 nord for Fosnstraumen. Trafikken til Årås, Mastrevik, Fannes/Kaland og Mongstad nyttar FV 565. Arbeidstakarar som pendlar til Austrheim/Mongstad frå Fedje og Radøy nyttar også denne vegen.

FV 568 er hovudtrafikkåre til Fedje. Vegen vert også brukt av fastbuande, hyttefolk og turistar til øy-området i kommunen. Vegen har eit trafikknivå på 650 køyretøy ved rundkøyringa ved FV 565 og 135 køyretøy ved ferjekaia.

Trafikkmengd og lengde av strekningar er summert opp i tabellen på neste side.

Tabell 1: Lengde og ÅDT på fylkesvegar

Vegnummer	Lengde	ÅDT 2019
FV 57	3,3 km	3000
FV 5500	3,1 km	220
FV 5502	2,6 km	650
FV 5504	0,5 km	600
FV 5506	2,2 km	350
FV 5508	2,3 km	220
FV 5512	3,0 km	70
FV 565	18,6 km	1100-2200
FV 568	6,8 km	135-650
Totalt	42,4 km	

I NVDB (Norsk vegdatabank) er det registrert omlag 6675 m fortau i kommunen.

Figur 3 viser kva som er fartsgrensa på fylkesvegane i Austrheim. Gjennomgåande veg gjennom kommunen er FV 565. Det er nokon få strekningar med fartsgrense 80 km/t.


Fartsgrense

I høve skiltforskrifta §26 kan det for bestemt vegstrekning eller sone fattast vedtak om lågare fartsgrense enn det som følgje av vegtrafikklova § 6 andre ledd. Slikt vedtak skal for riksveg, fylkesveg og privatveg fattast av Statens vegvesen. Kommunen gjer vedtak for kommunale veger. Dersom ein sone også omfattar anna veg enn kommunal veg, er det Statens vegvesen som fattar vedtak. Før vedtak skal politiet få uttala seg. Før Statens vegvesen kan fatte vedtak skal fylkeskommunen og kommunen få uttala seg.

Skiltmyndigheit vurderer fartsgrensa opp mot fartsgrensekriterier og gjennomfører eventuelt fartsmålingar. Basert på ei samla vurdering vil skiltmyndigheit vurdere om det er grunnlag for å gå vidare med ei fartsgrenseendring eller om søknad vert avslått. Dersom det er grunnlag for endring av fartsgrense, skal politiet og kommunen kunne uttale seg før det vert fatta eit endeleg vedtak. Etter at vedtak er fatta, kan skilt og arbeid verte bestilt og gjennomført.

Vegetasjonsrydding og driftskontrakt

Det er den enkelte vegeigar sin driftsentreprenør som gjennomfører kantslått og vegetasjonsrydding langs offentleg veg. Det er regulert i høve driftskontrakten kor ofte og kor langt til kvar side av vegen det skal fjernast vegetasjon. Vegane i Austrheim kommune er smale og med mange uoversiktlege kurver. Det er difor særleg viktig med tett og god oppfølging av arbeidet slik at vegetasjonsrydding vert prioritert og gjennomført på ein tilstrekkeleg måte. Dette er for å kunne ivareta sikt og trafikktryggleik både for dei som køyrer og blant dei som går/syklar på og langs vegane i kommunen.



Figur 4: Fartsgrensa på vegar i kommunen

Austrheim har to ferjesamband:

1. Leirvåg- Sløvåg, på FV 57. I 2020 reiste det i snitt 589 køyretøy (ÅDT).
2. Sæverøy- Fedje, på FV 568. I 2020 reiste det i snitt 124 køyretøy (ÅDT).

3.5 Registrerte køyretøy i kommunen

I 2020 var det registrert totalt 2604 motoriserte køyretøy i Austrheim kommune. Fordelinga på køyretøygruppene går fram av tabellen under.

Tabell 2: Tal på registrerte motoriserte køyretøy i kommunen

Personbil	Buss	Kombibil	Varebil	Lastebil	Sum bilar	Traktor	Motorreiskap	Moped	Motor sykkel	SUM
1715	4	8	385	38	2150	222	3	82	147	2604

3.6 Skular og skuleskyss

Austrheim er delt inn i to skulekrinsar, og skulane er lokalisert til Kaland og Årås. Kvar skulekrins har ein kombinert barne- og ungdomsskule. Frå 2022 vil ungdomstrinnet vera samla på Årås. Grensa mellom skulekrinsar går ved Kilstraumen.

Utanom dei to barne- og ungdomsskulane har kommunen Austrheim vidaregåande skule, som er lokalisert i Mastrevik. Her kjem det elevar frå heile regionen, det går eigen skyssbåt med elevar frå Solund og Gulen hit. Elevtala på dei tre skulane i kommunen er vist i tabellen under:

Tabell 3: Elevtal i skulane i kommunen, skuleåret 2020-2021

Skule	Elevtal
Kaland	120
Årås	233
Austrheim vidaregåande	195



Figur 5: Skular i kommunen

Skuleskyss

Vestland Fylkeskommune har det overordna ansvaret for skuleskyss i Vestland. Skysshandbok gir informasjon om reglar og rutinar for skuleskyss og er meint som eit oppslagsverk. Mellom anna inneheld den skyssreglementet med kommentarar.

Opplæringslova § 13-4 seier at:

"Kommunen er ansvarleg for skyss av grunnskoleelevar og vaksne som har rett til skyss på grunn av særleg farleg eller vanskeleg skoleveg. Kommunen er ansvar/eg for å oppfylle retten til skyss av førskolebarn etter § 7-6. Kommunen skal oppfylle retten til reisefølgje og tilsyn for førskolebarn,

grunnskoleelevar og vaksne. Elles er fylkeskommunen ansvar/eg for skyss, reisefølge og tilsyn etter reglane i kapittel 7. Kommunane betaler refusjon etter persontakst for grunnskoleelevar og vaksne som blir skyssa av fylkeskommunen. Fylkeskommunen skal organisere skoleskyssen i samråd med kommunen. Dersom kommunen og fylkeskommunen ikkje blir samde om korleis skoleskyssen skal organiserast og finansierast, kan departementet gi pålegg."

Generelt seier regelverket at elevane i 1. trinn har krav på fri skuleskyss dersom ein bur meir enn 2 km frå skulen. For 2.-10- trinn er det 4 km som er grensa. Elevar i 1.-4. trinn har i tillegg høve for å søka om fri skuleskyss dersom vegen er farleg.

Tabell 4: Tal elevar som får fri skuleskyss i skuleåret 2020-2021

Skule	Elevar med fri skuleskyss	Prosent av alle elevar
Kaland	24	20 %
Årås	87	37,3 %

Det er fleire elevar med fri skuleskyss i Årås skule, og færre i Kaland skule i samanlikning med forrige periode.

Tryggare skuleveggar og vegetasjon

Kommunen har avtale med entreprenør om kantslått langs kommunale vegar. Dette bør gjerast rett før skulane byrjar i august. Dette er eit tiltak for å betre tryggleiken til både køyrande og mjuke trafikantar og skuleborn.

Minst ein gong i året skal kommunen oppfordra innbyggjarane til å sjå til at vegetasjon ikkje er trafikkfårleg, dette gjeld gjerne hekkar og tre/greiner langs eige eigedom. Desse må ikkje ta sikt slik at ulykker kan skje. Oppfordringa kan enten skje med flygeblad i posten, eller med informasjon via lokalavisene og heimesida.

4 Registreringar og problemanalyse

4.1 Datagrunnlag

For å vurdera nivået av dagens trafikktryggleik i kommunen er det gjort ei analyse av trafikkulukker i perioden frå 1. januar 2014 til 31.12.2020. Statens vegvesen v/ Svein Dortin Viken har sendt utskrift frå Straksregisteret med politiregistrerte ulukker.

Det er i tillegg gjennomført kartlegging av utryggleik blant skuleelevar, organisasjonar og innbyggjarar i kommunen.

4.2 Politirapporterte personskadeulukker

4.2.1 *Generelt*

For å kartleggje ulukkesbiletet på vegnettet i Austrheim kommune, er det teke utgangspunkt i politirapporterte ulukker med personskade i perioden 2014-2020.

Ein må vera merksam på at det er ei vesentleg underrapportering av trafikkulukker. I høve til «Trafikksikkerhetshåndboken: Bakgrunn om ulukker, risiko og metaanalyse» er rapporteringsgraden av alle rapporteringspliktige ulukker estimert til å vere berre 17 %. Delen lågare for lett skadde (15 %) enn for hardt skadde (under 37 %) og drepne (tilnærma 100 %). Ulukker som er mest underrapportert er ulukker med mindre alvorlege skadde, ulukker med mjuke trafikantar og eineulukker.

Det er fleire faktorar som påverkar talet på ulukker, m.a. trafikkmengd, fartsnivå, tilhøve knytt til vegsystemet og køyretøyet, ver- og føretilhøve og trafikantane si åtferd.

Ved tolking av data er det viktig å vera merksam på at talet på ulukker i perioden er lavt, og at det ofte er svært vanskeleg å trekke dei rette konklusjonane ut frå eit så avgrensa statistisk utval som dette.

4.2.2 *Ulykker*

I sju-årsperioden 2014-2020 vart det i alt innrapportert 24 ulukker med personskade i Austrheim kommune. I dei ulykkene vart 31 personar skada. Det vart ingen drepne, men fire vart hardt skada. 27 vart lettare skada.


Figuren på neste side visar talet på ulykker og korleis desse fordeler seg i perioden.



Figur 6: Ulukkesutvikling i periode 2015-2020


Det er ingen tydeleg trend i ulykkestal. Det kan mellom anna skuldast eit lite datagrunnlag.

Fire hardt skadde er ei betydeleg auking i frå førre periode med berre 1 hardt skadd.



Figur 7: Tall personar skadd i ulukker i periode 2015-2020


4.2.3 Kor ulykkene har skjedd



Figur 8: Stadar kor ulukkene har skjedd, kjelde: vegkart.no

4.2.4 Fordeling på vegtype


Av 24 ulukker skjedde 19 på fylkesvegar. Berre 4 ulykker skjedde på kommunale vegar, mens 1 ulykke er registrert med ukjent vegtype.



Figur 9: Fordeling på vegtype

4.2.5 Fordeling av type ulykker


Utforkøyringsulykka er den klart mest dominerande type ulykke i perioden i Austrheim. På fylkesbasis er utforkøyringsulykker og møteulykker i samanliknbar storleik. Årsaka er at trafikkmengda i Austrheim er lågare enn i resten av fylket, difor dominerer utforkøyringsulykker.



Figur 10: Fordeling av type ulykke


4.2.6 Tidsfordeling av ulykkene

Ulykkene er relativt jamt fordelt på året. Berre februar og juli har noko større tall. Dette kan truleg skuldast føret i februar og auka trafikk i juli.



Figur 11: Fordeling på måned


Torsdag, fredag og laurdag dominerer noko i tal ulykker. Det er elles ikkje noko klar trend.



Figur 12: Fordeling på vekedagar

4.2.7 Fordeling på føretilhøve


9 av 24 ulykker har skjedd på tørr veg, mens berre to ulykker har skjedd på snødekket/isbelagt køyrebane.



Figur 13: Fordeling av ulykker på føretilhøve

4.2.8 Fordeling på lystilhøve

Halvparten av ulykkene har skjedd i dagslys.



Figur 14: Ulykker fordelt på lystilhøve

4.3 Trafikkulykker og samfunnsøkonomiske kostnader

I høve til Statens vegvesen si handbok V712 Konsekvensanalyser, er samfunnsøkonomiske kostnader ved ulykkene som vist i tabell under. For personskadeulykker er velferdstapet prisast ut av skadegrad og forventa tid til normal helse er gjenvunne. Dei realøkonomiske kostnadane består av produksjonsbortfall, medisinske kostnader, materielle kostnader og administrative kostnader. Talla i tabellen viser samfunnets nytte av å unngå ulike skadegradar i trafikkuulykker.

Dei to skadegradene «Svært alvorleg skadd» og «Alvorleg skadd» blir i nokre samanhengar slått saman under omgrepet «Hardt skadd» med ein kostnad på 11,7 millionar kroner per skadetilfelle.

Tabell 5: Kostnadstal for personskade, 2020-prisar

Skedegrad	Kostnader
Drepne	32 200 000
Svært alvorleg skadd	28 900 000
Alvorleg skadd	10 300 000
Lettare skadd	770 000

Når ein brukar verdiane gitt i tabellen over, kosta alle personskadar i Austrheim kommune i perioden 2014-2020 om lag 70,7 millionar kroner.

4.4 Utryggleik

4.4.1 Innsamling av data

Det vart også tatt inn ei kunngjering i avisa Strilen der det vart orientert om oppstart av planarbeidet og ein oppfordra til merknadar/ innspel om utryggleik i nærmiljøet.

På kommunen sine nettsider vart det også oppmoda til at innbyggjarane skulle kome med innspel til planen.

Det har komme 21 innspel til planen. Tabellen under viser oversikt over innsendarar.

Tabell 6: Oversikt over innsendarar av merknadar

	Offentlege, organisasjonar	Private
1	Austrheim kvinne- og famielag	Elever på Årås skule
2	Austrheim NFU	Bussjåførane på Mastrevik
3	Eldrerådet	7 private personar/ gruppa personar
4	FAU Kaland barne og ungdomsskule	
5	Fonnes bygdelaag	
6	Fonnesstraumen velforening	
7	Kilstraumen brygge	
8	Kvalvågen grendalag	
9	RMNF	
10	Trygg Trafikk	
11	Ungdomsrådet	
12	Vestland Fylkeskommune	

Merknadsfrist til planforslaget hadde høyringsfrist 31.12.2021. Dette vart annonsert på vanleg måte og lag og offentlege instansar vart tilskrivne. Merknadar kom frå:

Vestland fylkeskommune, Statsforvaltaren i Vestland, Austrheim idrettslag, Solen og Førland Velforening og Lars Ivar Thorsen.

Merknadar som vart teke til følge er med kome med i prioriteringar på fylkesvegar eller komunevegar i denne kommunedelplanen. Desse er med i saksutgreiinga til godkjenninga av kommunedelplanen.

4.4.2 Utrygge punkt og strekningar



Figur 15: Oversikt over punkt som er spelt inn som farlege

Det kom totalt 21 innspel som har peikt ut 59 utrygge punkt i kommunen. Utifrå innkomne innspel er det 38 innspel på fylkesvegar og 21 innspel på kommunale vegar. Det vart nokre fleire innspel etter merknadane kom inn, dei som vart teke til følgje er kome med i prioriteringslista.

4.4.3 Innspel på fylkesvegar

Tabell 7: Innkomne merknadar på fylkesvegar

Nr på kartet	Stadnamn, plassering	Problem	Innspel frå
1	kryss Austrheimsvegen-Solevegen	behov for veglys	privat innspel
2	fv. 565 Førland	for høg fart, sette ned fartsgrense	to private innspel
3	utkøyrse Sætre	dårleg sikt (godkjent RPL), dårleg plass for to store køyretøy	Austrheim kvinne og familielag, eldrerådet, bussjåførane
4	gangfelt ved Nordliheimen og veg inn til hallen	dårleg opplyst gangfeltskilt	Austrheim kvinne og familielag, eldrerådet
6	tilkomst seniorsenter til gåande	manglar tilbod for gåande frå gangfeltet	Austrheim kvinne og familielag, eldrerådet, RMNF, Årås skule
8	kryssingspunkt ved Samfunnshuset	etablere gangfelt	Eldrerådet, Årås skule, RMNF, Ungdomsrådet
10	haldeplass Bakkastraumen bru	ingen tilbod for gåande til haldeplassen, dårleg haldeplass for Straumshaugane og Arihamrane	Fonnes bygdelag, Fonnesstraumen Velforening, Bussjåførane, privat innspel
13	frå Austrheimsfeltet til Samfunnshuset	det er en omveg å gå til gangfeltet, ønsker fortau et stykke mot vest, kryssingspunkt	Årås skule
14	frå Budalen mot skule	manglar gangveg	Årås skule
17	Bergsvika	problematisk kryss, høgt fartsnivå	privat innspel
19	Kilstraumen	problematisk punkt, ønsker redusert fartsgrense, fotgjengerovergang og fartsdumpar	Kilstraumen brygge
